



Eide Fjordbruk AS  
Støavegen 98  
5640 EIKELANDSOSEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/12538 - 20/43993

Saksbehandlar:  
Siril Therese Sylta  
siril.therese.sylta@alver.kommune.no

Dato:  
02.07.2020

## **Gebyrvedtak for reguleringsplan for Langøy- Ospeneset akvakulturområde - planid 1263-201606**

**Administrativt vedtak: Saknr: 708/20**

### **VEDTAK:**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og gebyrforskrift for tidlegare Lindås kommune (no Alver kommune) for 2017 vert det gjeve gebyr på kr. 758.400,- for reguleringsplanen for Langøy-Ospeneset akvakulturområde med planid 1263-201606.**

### **Saka gjeld**

Saka gjeld fastsetting av gebyr for reguleringsplanen for Langøy- Ospeneset med planid 1263-201606, vedtatt 02.11.2017 i Lindås kommune.

Det vart sendt ut gebyr i vedtak datert 04.07.2017 på kr. 1.362.900,-. Vedtaket vart klaga på av Eide Fjordbruk AS. Fylkesmannen i Hordaland oppheva kommunen sitt gebyrvedtak i vedtak datert 31.05.2018, og sendte saka tilbake for ny vurdering av gebyr.

Saka har dessverre lagt uhandsama hos kommunen over lengre tid, og det beklagar vi. Eide Fjordbruk AS har etterlyst kommunen si oppfølging av saka, først 23.04.2018, og no ved e-postar datert 03.06.2020 og 26.06.2020.

### **VURDERING:**

Alver kommune har gjort ei ny utrekning av gebyret for handsaming av reguleringsplanen på bakgrunn av plansaka, innsendte klage og det som går fram av Fylkesmannen sitt vedtak. Gebyrutrekninga er gjort på bakgrunn av satsane som gjaldt i Lindås kommune si gebyrforskrift for 2017.

Etter ei ny vurdering er gebyret på punkt 7.2.3. b) redusert frå kr. 995.500,- til kr. 280.500,-, der arealet for ringmerdane er lagt til grunn i utrekninga.

Det går fram av klagen til Eide Fjordbruk AS at «Reguleringsplanen er ein av dei fyrste for akvakulturområde i sjø. Dette har ført til trong for fleire prinsippdiskusjonar mellom tiltakshavar og kommune, avklaringar med regionale mynde og meir tid til sakshandsaming.»

Det er lagt inn eit gebyr etter punkt 7.2.3 f på kr. 111.000,- som følgje av ekstra tid til sakshandsaming for denne plansaka.

Gebyrutrekning:

Kode	Skildring	Gebyr		
		Tal	Sats	Sum
7.2.2	Basisgebyr plansak	1	39.000	39.000
7.2.3 a)	Fast tilleggsgebyr plansak: areal planområde over 25 da, per påbegynte 25 da <i>Totalt areal for akvakulturføremål og kombinert føremål om lag 500,22 da. jf. plankart. I tillegg kjem ikkje oppgitt areal i føresegnområde #1 som truleg er under 25 da, slik at totalt areal vert under 525 da. Overskytande areal for planområdet utover areala regulert til akvakultur vert ikkje inkludert i arealutrekninga.</i>	20	11.100	222.000
7.2.3 b)	Fast tilleggsgebyr: byggningsareal for kvar 1000 m2 nytt BRA i arealplan 51 445 m2 (areal ringmerdar)	51	5.500	280.500
7.2.3. d)	Næringsføremål	1	11.100	11.100
7.2.3 f)	Plan som utløyser særskilte krav til utgreiingar (i denne planen er det krav til KU, men planen har likevel kravd meir enn ved ordinære planar)	10	11.100	111.000
7.2.3. g)	Planforslag i strid med overordna plan <i>Område sett av til akvakultur og kombinert føremål er i strid med arealføremål bruk og vern av sjø og vassdrag i kommuneplanens arealdel.</i>	1	39.000	39.000
7.2.7	Godkjenning av konsekvensutgreiing	1	50.400	50.400
7.2.8	Godkjenning av planprogram	1	5.900	5.900
	<b>Totalt gebyr å betala:</b>			<b>758.400</b>

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/12538

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Arealforvaltning

Siril Therese Sylta  
Tenesteleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Gebyrutrekning endra etter klage for reguleringsplan for Langøy- Ospeneset planid. 1263-201606

**Kopi til:**

Vidar Hjartnes

**Mottakarar:**

Eide Fjordbruk AS

Støavegen 98

5640

EIKELANDSOSEN